



Innkalling
av
Utval for helse og omsorg

Møtedato: 10.03.2020
Møtestad: Alver rådhus, kantina
Møtetid: 12:00 - 19:00

Eventuelle forfall må meldast til Arthur Kleiveland per tlf. 901 32 143, sms til eller per epost til arthur.kleiveland@radoy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Frammøte ved Meland sjukeheim kl. 9.30 - med orientering og omvising. Deretter til Knarvik og omvising på Såta dagsenter for demente.
Møtestart kl. 12.00 i kantina på rådhuset i Knarvik.

Sakliste

Saknr	Tittel
008/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/20	Godkjenning av møteprotokoll
010/20	Søknad om serverings- og skjenkeløyve etter eigarskifte ved Sansetunet AS
011/20	Alkoholpolitisk plan for Alver 2020-2024
012/20	Meldingar og orienteringar

2. mars 2020

Ståle Juvik Hauge
møteleiar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Arkiv:
JournalpostID: <jplD> 20/4710
Saksbehandlar:
Dato: 28.01.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
008/20	Utval for helse og omsorg	10.03.2020

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Arkiv:
JournalpostID: <jplD> 20/4712
Saksbehandlar:
Dato: 28.01.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
009/20	Utval for helse og omsorg	10.03.2020

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg i saka: 1357676

27.02.2020 HO Protokoll - Utval for helse og omsorg - 04.02.2020

Møteprotokollen for møte 4. februar 2020 vert godkjent.



Møteprotokoll for Utval for helse og omsorg

Møtedato: 04.02.2020
Møtestad: Alver rådhus, formannskapssalen
Møtetid: 12:00 - 15:30

Utval for helse og omsorg var på Knarvik sjukeheim kl. 10.00 for omvising og orientering. Det vart servert lunsj på sjukeheimen. Etter omvisinga var det formell møtestart i formannskapssalen på rådhuset i Knarvik kl. 12.00.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Ståle Juvik Hauge	AP	Utvalsleiar
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Nestleiar
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Thore Helland	FNB	Medlem
Hendrik Weber	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Roy Bø	FRP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Øystein Reidar Moldeklev	FRP	Roy Bø - FRP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjef Leni Dale, tenesteleiar plan og analyse Kristin Nådmdal, rådgjevar helse og omsorg Grete A. Herøy, møtesekretær Arthur Kleiveland

Sakliste

Saknr	Tittel
-------	--------

001/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
--------	---------------------------------------

- 002/20 Godkjenning av møteprotokoll
- 003/20 Serveringsløyve - Shell Knarvik
- 004/20 Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020 - 2024
- 005/20 Politisk styringsstruktur og reglement - framlegg til endring og presisering
- 006/20 Planstrategi for Alver kommune 2020- 2023 - Høyring
- 007/20 Meldingar og orienteringar

001/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for helse og omsorg 04.02.2020:

Behandling:

Utvalet godkjende innkalling og saksliste.

HO- 001/20 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

002/20: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for helse og omsorg 04.02.2020:

Behandling:

Utvalet godkjende møtebok for 12. desember 2019.

HO- 002/20 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

003/20: Serveringsløyve - Shell Knarvik

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i Serveringsloven § 6 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-06-13-55#shareModal> vert Shell Knarvik innvilga serveringsløyve med verknad frå

vedtaksdato.

Utval for helse og omsorg 04.02.2020:

Behandling:

Utval for helse og omsorg ønskjer ikkje at det i framlegg til vedtak skal brukast lenker, men konkret tekst.

Utvalet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

HO- 003/20 Vedtak:

Med heimel i Serveringsloven § 6, som gjeld krav til vandel, vert Shell Knarvik innvilga serveringsløyve med verknad frå vedtaksdato.

004/20: Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020 - 2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020 – 2024 vert sendt ut på høring. Høyringsperiode er 6 veker frå det tidspunkt den vert lagt ut.

Eldreråd 03.02.2020:

Behandling:

Rådgjever helse og omsorg, Grete A. Herøy orienterte i fellesmøte mellom ER/RMNF om framlegg til alkoholpolitisk plan for Alver kommune for 2020-2024.

Eldrerådet vil få saka attende til handsaming når planen er lagt ut på høring.

Eldrerådet tok Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020-2024 til orientering.

ER- 003/20 Vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.02.2020:

Behandling:

Fellesmøte orientering til saka v/Grete A. Herøy-rådgjevar Helse og omsorg stab

Fellesframlegg:

Tillegg til rådmannens framlegg:

A) Rådet ønskjer å vidareføra praksis frå dei tidlegare kommunane om at opningstida for sal og utlevering (3.1) vert flytta til kl. 09.00.

B) Når ein gjev serverings- og skjenkløyve, ber rådet om at ein tilstrevar at lokala er universelt utforma.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 003/20 Vedtak:

Uttale i RMNF -03.02.2020:

A) Rådet ønskjer å vidareføra praksis frå dei tidlegare kommunane om at opningstida for sal og utlevering (3.1) vert flytta til kl. 09.00.

B) Når ein gjev serverings- og skjenkløyve, ber rådet om at ein tilstrebar at lokala er universelt utforma.

Ungdomsråd 03.02.2020:

Behandling:

Orientering v/Grete Algrøy Herøy.

Saka tatt til orientering.
Samrøytes vedteke

UR- 003/20 Vedtak:

Saka tatt til orientering.
Samrøytes vedteke

Utval for helse og omsorg 04.02.2020:

Behandling:

Rådgjevar helse og omsorg, Grete A. Herøy, orienterte om forslaget til alkoholpolitisk plan og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg i møtet:

Planen vert sendt tilbake til administrasjonen med følgjande endringar og utgreiing:

-Pkt 6 skjenkeløyve - 6.3.2 - ambulerande løyve: Følgjande tekst skal takast ut: "Døme på slutta lag er bryllaup, åremål, jubileum".

Følgjande tekst skal utgreiast - og mogleg takast vekk: *Arrangement som vert haldne av lag og foreiningar er ikkje å rekna som slutta lag.*

- Pkt 8: Utvalet ber om forslag til definisjon på følgjande tekst: "særlege høve" - også vurdering av hyppigheit på arrangement som definerast som "særlege høve".

Tilførsel i punkt 8:- *Tvilstilfelle av "særlege høve" skal avgjerast i helse og omsorg, eller av utvalsleiar dersom tidsfaktoren tilseier det.*

- Del 3 - pkt 1 a og b: Endra startstidspunkt for salstid frå kl. 08.00 til kl 09.00.

- Del 2 - pkt 2 - siste setning utgår.

Felles framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

Øystein Moldeklev (Frp) sette fram følgjande endringsframlegg:

Forslag til opningstider når det gjeld skjenking av alkohol i gruppe 1-3 må bli lik; kl. 02.00.

Øystein Moldeklev sitt framlegg fekk ei røyst og fall.

May-Irene Wergeland (Sp) sette fram følgjande endringsframlegg:

Senterpartiet ved May-Irene Wergeland fremja forslag om at skjenkeløyvet både for alkoholdrikk gruppe 2 og 3 gjeld til kl. 01.00.

May-Irene Wergeland sitt framlegg fekk 3 røyster (May-Irene Wergeland (SP), Sølvi Knudsen (SP), Else Marie Skartveit Dale (KrF) - og fall.

HO- 004/20 Vedtak:

Planen vert sendt tilbake til administrasjonen med følgjande endringar og utgreiing:

- Pkt 6 skjenkeløyve - 6.3.2 - ambulerande løyve:

Følgjande tekst skal takast ut: "Døme på slutta lag er bryllaup, åremål, jubileum".

Følgjande tekst skal utgreiast - og mogleg takast vekk: *Arrangement som vert haldne av lag og foreiningar er ikkje å rekna som slutta lag*

- Pkt 8: Utvalet ber om forslag til definisjon på følgjande tekst: "særlege høve" - også vurdering av hyppigheit på arrangement som definerast som "særlege høve".

Tilførsel i punkt 8:- *Tvilstilfelle av "særlege høve" skal avgjerast i helse og omsorg, eller av utvalsleiar dersom tidsfaktoren tilseier det.*

- Del 3 - pkt 1 a og b: Endra startstidspunkt for salstid frå kl. 08.00 til kl 09.00.
- Del 2 - pkt 2 - siste setning utgår

005/20: Politisk styringsstruktur og reglement - framlegg til endring og presisering

Saka skal til uttale i alle råd og utval
Saka skal til innstilling i formannskapet 06.02
Saka skal til vedtak i kommunestyret 20.02

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Kommunestyret i Alver vedtar endringar i politisk styringsstruktur og reglement slik det er lagt fram i saka.
- Vurdering av vedtak i ungdomsrådet (sak 09/19) blir lagt fram for politisk drøfting.

Eldreråd 03.02.2020:

Behandling:

I felles fora for eldrerådet/RMNF orienterte kommunalsjef Hogne Haugsdal om politisk styringsstruktur og reglement for Alver - framlegg til endring og presisering.

Eldrerådet viste til eit innspel frå ungdomsrådet om talerett i formannskap og kommunestyret.

Det vart sett fram følgjande felles tilleggsframlegg i møtet:

Dersom ungdomsrådet i Alver får generell talerett i formannskapet og kommunestyret, må det same gjelda i dei andre lovpålagte råda i kommunen.

Eldrerådet vedtok rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

ER- 005/20 Vedtak:

- Kommunestyret i Alver vedtar endringar i politisk styringsstruktur og reglement slik det er lagt fram i saka.
- Vurdering av vedtak i ungdomsrådet (sak 09/19) blir lagt fram for politisk drøfting.
- Dersom ungdomsrådet i Alver får generell talerett i formannskapet og kommunestyret, må det same gjelda i dei andre lovpålagte råda i kommunen.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.02.2020:

Behandling:

Fellesmøte orientering til saka v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef
Samfunnsutvikling

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Så lenge det ikkje finst ein samla bustadsosial handlingsplan for Alver, ønskjer ikkje rådet at kjøp og sal av eigedom skal delegerast til rådmannen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 006/20 Vedtak:

Uttale i RMNF -03.02.2020:

Så lenge det ikkje finst ein samla bustadsosial handlingsplan for Alver, ønskjer ikkje rådet at kjøp og sal av eigedom skal delegerast til rådmannen.

Ungdomsråd 03.02.2020:

Behandling:

Orientering v/Hogne Haugsdal.

Ungdomsrådet støttar Rådmannens sitt forslag til vedtak.
Samrøystes vedteke

UR- 005/20 Vedtak:

Ungdomsrådet støttar Rådmannens sitt forslag til vedtak.

Samrøystes vedteke

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.02.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling
Ingen merknader, samrøystes.

OKK- 005/20 Vedtak:

Uttale i OKK - 04.02.2020:

Ingen merknader.

Utval for helse og omsorg 04.02.2020:

Behandling:

Det vart sett fram følgjande felles endringsframlegg under framlegg til fullmakt til kjøp og sal av areal, eigedommar og bustadar:

Endring i strekpunkt 1 - fullmakt til kjøp og sal av areal, eigedommar og bustadar etter første setning:

- Inntil bustadsosial handlingsplan for Alver kommune er vedtatt, må kjøp og sal støtta behov og mål i gjeldande bustadsosiale planar/melding for henholdsvis Lindås, Radøy og Meland.

Økonomisk ramme blir definert årleg i investeringsbudsjettet.

Resten av fullmakttekst blir stroke.

Endring i strekpunkt 2 i fullmakt:

Etter punktum i setning nr 1 tilføyrast:

- i samarbeid med ordførar.

Resten av fullmaktstekst blir stroke.

HO- 005/20 Vedtak:

Endring i strekpunkt 1 - fullmakt til kjøp og sal av areal, eigedommar og

bustadar etter første setning:

- Inntil bustadsosial handlingsplan for Alver kommune er vedtatt, må kjøp og sal støtta behov og mål i gjeldande bustadsosiale planar/melding for henhaldsvis Lindås, Radøy og Meland.

Økonomisk ramme blir definert årleg i investeringsbudsjettet.

Resten av fullmaktstekst blir stroke.

Endring i strekpunkt 2 i fullmakt

Etter punktum i setning nr 1 tilføyrast:

- i samarbeid med ordførar.

Resten av fullmaktstekst blir stroke

Utval for næringsutvikling og drift 05.02.2020:

Behandling:

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg i møtet:

Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til endringar i Politisk styringsstruktur og reglement. I tillegg ønskjer utvalet følgjande tillegg for sitt arbeids- og ansvarsområde:

Ha ei aktiv pådrivarrolle for kommunal innovasjon og utvikling for å gjera Alver kommune til ein attraktiv samarbeidspartnar for næringsliv og frivillige organisasjonar.

Fellesframlegg sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

ND- 009/20 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til endringar i Politisk styringsstruktur og reglement. I tillegg ønskjer utvalet følgjande tillegg for sitt arbeids- og ansvarsområde:

Ha ei aktiv pådrivarrolle for kommunal innovasjon og utvikling for å gjera Alver kommune til ein attraktiv samarbeidspartnar for næringsliv og frivillige organisasjonar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Råd og utval får Planstrategi for Alver kommune 2020- 2023 til uttale.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.02.2020:

Behandling:

Fellesmøte orientering til saka v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef
Samfunnsutvikling
Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 004/20 Vedtak:

Uttale i RMNF -03.02.2020:

Ingen merknader.

Eldreråd 03.02.2020:

Behandling:

I fellesorientering mellom eldrerådet og RMNF orienterte kommunalsjef Hogne Haugsdal om Planstrategi for Alver kommune.
Eldrerådet har ingen merknader til planstrategien.

ER- 004/20 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader til planstrategien.

Ungdomsråd 03.02.2020:

Behandling:

Orientering i saka v/Hogne Haugsdal.

Innspel frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet er svært positive til lovnaden frå kommunalsjefen, om at ungdomsrådet vil bli inkludert i utforminga av kommunalplanane.
Ungdomsrådet etterspør plan for mellom anna ungdom, fritid og medverknad, men reknar med at dette kjem inn under dei planane som skal bli utforma.

Samrøystes vedteke

UR- 004/20 Vedtak:

Innspel frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet er svært positive til lovnaden frå kommunalsjefen, om at ungdomsrådet vil bli inkludert i utforminga av kommunalplanane. Ungdomsrådet etterspør plan for mellom anna ungdom, fritid og medverknad, men reknar med at dette kjem inn under dei planane som skal bli utforma.

Samrøystes vedteke

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.02.2020:

Behandling:

Orientering til saka v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling

Fellesframlegg frå Sp, H, Krf, Ap v/Laila Bjørge-Sp:

Nytt punkt 5.0 under prioriteringar i kap. 5 planstrategi for Alver.

Tydeleggjering av korleis me skal nå målet om å ta heile Alver i bruk.

Strategier for å utvikla bygdene våre, ikkje berre dei definerte lokalsentra.

Utvalet er positiv til rapporten frå administrasjonen, dei synes dette er eit godt dokument.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 004/20 Vedtak:

Uttale frå OKK - 04.02.2020:

Nytt punkt 5.0 under prioriteringar i kap. 5 planstrategi for Alver.

Tydeleggjering av korleis me skal nå målet om å ta heile Alver i bruk.

Strategier for å utvikla bygdene våre, ikkje berre dei definerte lokalsentra.

Utvalet er positiv til rapporten frå administrasjonen, dei synes dette er eit godt dokument.

Utval for helse og omsorg 04.02.2020:

Behandling:

Tenesteleiar plan og analyse, Kristin Nåmdal, orienterte om planstrategien og planarbeidet.

Utvalsleiar Ståle J. Hauge (AP) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Uttale til Planstrategi for Alver kommune 2020-2023 frå Utval for helse og

omsorg:

- Kommuneplan for helse, sosial og omsorg må prioriterast. Det må setjast inn årstal 2021 for avslutning av planen.

- Bustadsosial handlingsplan må slutførast slik at den er eit kunnskapsgrunnlag for arbeidet med arealdelen.

May-Irene Wergeland (SP) sette fram følgjande endringsframlegg - knytt til "Prioritering" - endring av punkt 2:

Strategien for korleis ein tek heile kommunen i bruk, herunder tydeleggjering av funksjon og rolle til dei definerte sentral i Alver kommune. (regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter).

Framlegg frå Ståle Hauge vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå May-Irene Wergeland vart samrøystes vedteke.

HO- 006/20 Vedtak:

Uttale til Planstrategi for Alver kommune 2020-2023 frå Utval for helse og omsorg:

- Kommuneplan for helse, sosial og omsorg må prioriterast. Det må setjast inn årstal 2021 for avslutning av planen.

- Bustadsosial handlingsplan må slutførast slik at den er eit kunnskapsgrunnlag for arbeidet med arealdelen.

- Strategien for korleis ein tek heile kommunen i bruk, herunder tydeleggjering av funksjon og rolle til dei definerte sentral i Alver kommune. (regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter).

Utval for næringsutvikling og drift 05.02.2020:

Behandling:

Tenesteleiar plan og analyse, Kristin Nåmdal, orienterte i saka.

Utvalsleiar Stian Lavik (KrF) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til planstrategi, og vil kommentera at den framlagte prosessen ser ut til å leggja til rette for god og heilskapleg planlegging. Utvalet vil peika på viktigheita av at arbeidet med strategisk næringsplan går som planlagt og at utvalet blir godt involvert i medverknadsarbeidet. I tillegg er det viktig at utvikling av Nordhordland biosfæreområde blir teke med inn i planarbeidet.

Morten Klementsens (FNB) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Det er av stor betydning at Alver kommune, som i intensjonsavtalen, skal ta heile kommunen i bruk, også næringsmessig.

Stian Lavik sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Morten Klementsens sitt framlegg vart vedteke mot to røyster (Stian Lavik (KrF) og Mabel Johansen (H)).

ND- 004/20 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til planstrategi, og vil kommentera at den framlagte prosessen ser ut til å leggja til rette for god og heilskapleg planlegging. Utvalet vil peika på viktigheita av at arbeidet med strategisk næringsplan går som planlagt og at utvalet blir godt involvert i medverknadsarbeidet. I tillegg er det viktig at utvikling av Nordhordland biosfæreområde blir teke med inn i planarbeidet.

Det er av stor betydning at Alver kommune, som i intensjonsavtalen, skal ta heile kommunen i bruk, også næringsmessig.

007/20: Meldingar og orienteringar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.

Utval for helse og omsorg 04.02.2020:

Behandling:

Utvalet tok orienteringar og meldingar til orientering.

HO- 007/20 Vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.

Arkiv: FA-U63, HistSak-
19/2284
JournalpostID: <jplD> 20/9176
Saksbehandlar:
Dato: 19.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
010/20	Utval for helse og omsorg	10.03.2020

Søknad om serverings- og skjenkeløyve etter eigarskifte ved Sansetunet AS Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av Serveringslova og Alkohollova vert søknad om serverings- og skjenkeløyve innvilga.

- Løyvehavar: Sansetunet AS, Falkangervgen 171, 5108 Hordvik org. nr 923825622
- Dagleg leiar og styrar for skjenkeløyvet: Tom Halland Kristiansen f. 05.01.68
- Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i Sansetunet selkapslokaler, med tilhøyrande terasse, Skjellangervegen 600, 5917 Rossland
- Skjenkeløyvet gjeld til 30.09.20
- Opnings- og skjenketid etter til ein kvar tid gjeldande reglar.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtaket, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Fylkesmannen i Vestland. Klage kan sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for helse og omsorg

Bakgrunn

Søknad frå Sansetunet AS ved Tom Halland Kristiansen om serverings- og skjenkeløyve ved eigarskifte på same vilkår som tidlegare eigar.
Dato for overdragelse var 01.11.2019.

Saksopplysninger:

Reglane ved eigarskifte finn ein i Alkohollova § 1-10. Ved eigarskifte kan ein driva på tidlegare eigars løyve i inntil 3 månader. Dersom saka ikkje er endeleg avgjort av kommunen innan desse 3 månadene, har ein høve til å utvida med ytterlegare 1 måned.

Søknad om nytt løyve frå den nye eigaren av virksomheita skal behandlast på lik linje med andre løyvesøknader og den nye løyvehaveren har ikkje krav på å få tildelt løyvet sjølv om ein har drevet på det gamle løyvet i opptil tre/fire månader.

Søknaden om serverings- og skjenkebevilling vart motteke i Meland kommune 27.11.2019.

Servering -og skjenkebevilling vert vurdert under eitt.

Alkoholova set vilkår som må vera oppfylt før bevilling kan gjevast. Når desse vilkåra er innfridd er det opp til kommunens frie skjønn å avgjera om bevilling skal gjevast. Det er serveringslova § 6, alkoholova § 1- 7b - krav til vandel og alkoholova § 1-7 a -kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, samt Meland kommune sin alkoholpolitiske handlingsplan som vert lagt til grunn i vurderinga av søknaden.

Saka har vore til uttale hjå politi, skatte- og avgiftsmyndigheiter. Det er ingen vandelsmessige manglar som vert vurdert av ein slik karakter at bevilling ikkje kan tilråast. Dagleg leiar har bestått etablerarprøven etter Serveringslova § 5 og styrar har bestått kunnskapsprøve i samsvar med Alkoholova § 1-7 c.

Søklar har søkt fritak for vikar for styrar på grunna av skjenkestadens størrelse jfr. Alkoholova §1-7c. Tidlegare eigar hadde innvilga fritak.

Rådmannen tilrår at søknaden vert innvilga.

Arkiv: FA-U60
JournalpostID: <jplD> 20/8987
Saksbehandlar:
Dato: 18.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
011/20	Utval for helse og omsorg	10.03.2020

Alkoholpolitisk plan for Alver 2020-2024

Vedlegg i saken:

27.02.2020	Høyringsutkast ALKOHOLPOLITISK PLAN Alver kommune	1356367
27.02.2020	HO 04_02_20 Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020 - 2024	1356402

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020-2024 vert lagt ut til offentleg høyring. Høyringsperiode er sett til 6 veker.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for Helse og Omsorg

Bakgrunn

Høyringsutkast til alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020-2024 vart lagt fram i utval for helse og omsorg 04.02.20. Det vart gjort vedtak om å sende planen tilbake til administrasjonen med endringar på fleire punkt og utgreiing på nokre punkt.

Saksopplysningar:

Endringane er no innarbeidd i planutkastet i samsvar med vedtaket. Det er i tillegg teke inn nokre mindre justeringar og justering på layout, som etter administrasjonen si vurdering hevar kvaliteten og gjer planen meir tydeleg.

Følgjande er lagt inn i planutkastet:

1. Under punkt 6.3 Ambulerande løyve er følgjande tekst fjerna:

«Døme på slutta lag er bryllaup, åremål, jubileum»

Teksten «Med slutta lag meiner ein at det allereie før arrangementet tek til er danna eit slutta/privat lag av personar som samlast for eit bestemt formål i eit bestemt lokale» er flytta til punkt 3 Definisjonar.

2. Utgreiing av følgjande tekst og vurdering om den skal takast vekk:

«Arrangement i regi av lag og foreiningar er ikkje å rekna som slutta lag.»

I kommentarane til alkohollova § 4- 5 står det følgjande:

«Arrangementer som ikke oppfyller lovens krav til sluttet selskap, er for eksempel:

Vanlige medlemsmøter i en forening, sammenkomster for idrettslag, klubber, organisasjoner o. l., studentfester, russearrangementer. Kundekvelder, mat- og vin-kurs, kunstutstillinger, VIP-arrangementer. Arrangementer som har begrenset tilgang, men hvor det ikke foreligger nødvendig tilknytning til den/de som inviterer. Det understrekes at listen ikke er uttømmende.»

Kommentarane til lova viser kva type arrangement som skal definerast som slutta lag.

Administrasjonen vurderer det som tenleg å ha med setninga «Arrangement i regi av lag og foreningar er ikkje å rekna som slutta lag.»

Dette for at planen skal vera tydeleg og føreseieleg for sækjarane. Setninga er ikkje fjerna frå planutkastet.

3. Under punkt 8. Retningslinjer for å avgrense eventuelle skadeverknader av skjenking av alkohol

Utvalet ber om forslag til definisjon på følgjande tekst: "særlege høve" - også vurdering av hyppigheit på arrangement som definerast som "særlege høve".

Administrasjonen har lagt inn følgjande forslag på kva som skal definerast som særlege høve: «Større arrangement som går føre seg 1 – 2 ganger pr. år. Til dømes festivalar, store jubileum og dansegalla. Lista er ikkje uttømmende.

Unntak: Utleige til særskilte arrangement gjeld dei større kommunale idrettshallane der arrangementet er av ein slik storleik at det ikkje kan gjennomførast i andre utleigelokale i nærområda.»

Følgande setning er lagt inn: «Tvilstilfelle av "særlege høve" skal avgjerast i Utval for helse og omsorg, eller av utvalseiar dersom tidsfaktoren tilseier det».

4. Del III Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune

Punkt 1 a og b: Endra starttidspunkt for salstid frå kl. 08.00 til kl. 09.00.

Punkt 2. under alminnelege skjenketider er siste setning «Desse tidene gjeld som hovudregel også ved løyve til uteservering» tatt vekk.

5. Framlegg til justering/ending av første planutkast:

Under punkt 1. Delegering:

Kulepunkt 2 : Her sto det «Kommunestyret skal vedta inndraging av sals- og skjenkeløyve - jfr alkohollova § 1- 8». Dette punktet er i framlegget tatt vekk og lagt inn under delegeringa til Utval for helse og omsorg. Grunngeving for endringa er at det bør vere samsvar mellom tildelings- og inndragingsmyndigheit.

Klageorgan for saker delegert til rådmannen var ikkje spesifisert i førre planutkast. Det er no lagt inn framlegg om at dette er Utval for helse og omsorg.

Siste kulepunkt: Rådmannen er delegert mynde til å foreta enkeltvedtak om tildeling av prikkar. Det vert no presisert at denne delegasjonen også gjeld enkeltvedtak om inndraging av løyve (alkoholforskriften kapittel 10).



ALVER
KOMMUNE

Høyringsutkast

Framlegg til

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune

2020-2024





Innhald

DEL I - Innleiing/formål:	2
1 Delegering.....	3
2 Løyveperiodar og løyvetypar.....	3
3 Definisjonar.....	3
4 Salsløyve	4
5 Salsløyve for Vinmonopol.....	4
6 Skjenkeløyve	4
7 Gebyr.....	5
8 Retningsliner for å avgrense eventuelle skadeverknader av skjenking av alkohol	5
9 Serveringsløyve	6
DEL II – Retningsliner for behandling av alkoholsaker	7
Vilkår for løyve.....	7
Del III - Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune	8
Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk	8
Alminnelege skjenketider	8
Opningstider	8

DEL I - Innleiing/formål:

Kommunen er gjennom [Lov av 2.juni 1989 nr. 27 Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.](#) (alkohollova) pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk plan. Planen skal vedtakas av kommunestyret ved starten av kvar valperiode og gjelde for 4 år av gongen. Alkohollova gjev kommunane ansvar for tildeling av sals- og skjenkeløyve og for å føre kontroll med og setje i verk sanksjonar mot sals- og skjenkestadane ved eventuelle avvik. All omsetning av alkoholholdig drikk krev løyve.

Kommunen skal ivareta helse- og sosialpolitiske omsyn på best mogleg måte, samstundes som det er viktig å ivareta næringspolitiske omsyn. Den alkoholpolitiske planen skal gje rammer for behandling av saker etter alkohollova og gje politikarar, innbyggjarar og næringsdrivande ei oversikt over kva som blir lagt til grunn ved behandling i slike saker. Kommunen sine lokale retningslinjer og regulering av sals- og skjenkereglar er viktige verkemiddel for å avgrense alkoholrelaterte skadar.

Alkohollova sitt formål :

§1-1«Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.»

Folkehelselova sitt formål:

§1 «Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse.

Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter setter i verk tiltak og samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte. Loven skal legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.»

1 Delegering

- Kommunestyret skal vedta alkoholpolitisk plan - jfr alkohollova § 1-7d
- Kommunestyret delegerer til Utval for helse og omsorg å gjere vedtak om sals- og skjenkeløyve i løyveperioden – alkohollova § 1-7.
- Kommunestyret delegerer til Utval for Helse og omsorg å vedta inndraging av sals- og skjenkeløyve – alkohollova § 1-8
- Utval for Helse og omsorg er klageorgan for saker delegert til rådmannen.

Rådmannen er delegert mynde til å ta avgjerd i følgjande saker:

- Godkjenne skifte av styrar og avlørsar ved eksisterande sals- og skjenkeløyve (alkohollova § 1-7c).
- Avgjere søknader om utviding av skjenkearealet for faste løyver for ein enkelt anledning (alkohollova § 4-2).
- Avgjere søknader om ambulerande løyve for slutta lag (alkohollova § 4-5).
- Avgjere søknader om alminneleg løyve til ein enkelt anledning og til ein avgrensa periode på 10 dagar (Alkohollova § 1-6).
- Fatte enkeltvedtak om tildeling av prikkar og om inndraging av løyve ved brot på alkohollova. Prikktildeling er regulert i alkoholforskrifta (§ 10-2 til § 10-6).

2 Løyveperiodar og løyvetypar

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (alkohollova § 1-6).

Kommunen kan tildele to hovudtypar løyve – skjenkeløyve og salsløyve.

3 Definisjonar

- Ambulerande løyve - løyve til ein enkelt anledning kun for slutta lag/selskap.
- Einskild løyve - løyve må vera knytt til ein enkelt bestemt anledning og kan gjevast til eit ope arrangement eller til slutta lag. Løyvet kan også bli gitt for ein avgrensa periode/sesong.
- Slutta lag meinar ein at det før skjenkinga startar er danna ein slutta krets av personar, som er samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Selskapet er ikkje ope for utanforståande.
- Sal: Med sal forstås ein overdraging av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag for drikking utanfor salsstaden.
- Skjenking: Med skjenking forstås ein sal av drikking på eit avgrensa og godkjent skjenkeområde.
- Alkoholfri drikk: Drikk som inneheld under 0.7 volumprosent alkohol.
- Alkoholsvak drikk: Drikk som inneheld frå og med 0.7 til og med 2.5 volumprosent alkohol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 1: Drikk som inneheld over 2.5 og høgst 4.7 volumprosent alkohol



- Alkoholhaldig drikk gruppe 2: Drikk som inneheld over 4.7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.
- Alkoholhaldig drikk gruppe 3: Drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol.

4 Salsløyve

Med salsløyve meiner ein sal av alkoholhaldig drikk gruppe I i daglegvarebutikk og/eller nettsal. For nettsal må ein ha løyve i den enkelte kommune ein skal levere ut alkoholholdig drikk. Med daglegvareforretningar meiner vi forretningar med følgjande daglegvarer:

"Som daglegevarer reknast matvarer og andre nærings- og nytingsmidlar, dyremat, vaske- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, hushaldingsvarer av papir, plast, reinse- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, bone-, reinse- og pussemidlar. Forretninga må har eit matvare- tilbod som er klart breiare enn dei tradisjonelle kioskar"

Salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan ikkje bli gitt til bensinstasjonar og kioskar. <https://lovdata.no/forskrift/2005-06-08-538/§3-4> I spesielle tilfelle kan det bli gjort unntak frå retningslinjene – dersom det er tenleg ut frå ei helskapsvurdering.

5 Salsløyve for Vinmonopol

I medhald av alkohollova §3-3 godkjenner kommunen utsalsstadar for A/S Vinmonopolet.

6 Skjenkeløyve

6.1 Alminneleg løyve (alkohollova § 1-6)

Alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 vert tildelt skjenkestader med liten eller ingen matsservering. Dette gjeld også for hotell, selskapslokale og spisestadar.

Skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk kan bli gitt til person over 20 år eller til ei juridisk eining som må påreknast ikkje å ville misbruke løyve (alkohollova § 1-7b og c).

Alle stader med skjenkeløyve skal ved synleg plassert skilting opplyse om aldersgrensa ved staden.

6.2 Einskildløyve (alkohollova § 1-6)

Løyve til eit enkelt, bestemt arrangement som ikkje er omfatta av fast løyve kan bli gitt etter ei særskild vurdering. (alkohollova §§ 1-7a b). Løyve er tids- og stadsavgrensa.

6.3 Ambulerande løyve (alkoholova §4-5)

Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til slutta lag.

Arrangement i regi av lag og foreiningar er ikkje å rekna som slutta lag.

Det er ikkje krav om skjenkeløyve i samband med private arrangement som bryllaup, årsmål, jubileum og liknande så sant det ikkje vert teke betalt for drikke og huseigar berre leiger ut lokale til arrangement(alkoholova § 4-5).

6.4 Vilkår for skjenking på uteareal

- Løyvet vert gitt til eit klart avgrensa areal som er avskjerma i høve trafikk og brannrømningsveggar.
- Det er ikkje tillatt med musikk eller underhaldning ved bruk av elektrisk anlegg/høgtalar på uteserveringa etter kl 2300. Musikk eller underhaldning må uansett ikkje vere slik at den er til vesentleg sjenanse ulempe for den som bur eller oppheld seg ved området uteserveringa er. Ved søknad om utviding av skjenkeareal til ein enkelt anledning kan det også innvilgast bruk av musikk og underhaldning etter kl 2300 ved større særskilde arrangement.
<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/musikkanlegg-og-helse/Musikkanlegg%20og%20helse%20->

7 Gebyr

Gebyrsats for faste sals- og skjenkeløyve, og ambulerande/einskildløyve er regulert i [alkoholforskrifta § 6.2.](#)

Gebyrsats for ambulerande/einskild løyve blir fastsatt av Helsedirektoratet.

8 Retningsliner for å avgrense eventuelle skadeverknader av skjenking av alkohol (alkoholova §1-7a)

8.1 Skjenkestadane bør ikkje liggje i eller nær skular, barnehagar og idrettsanlegg.

8.2 Alminneleg skjenkeløyve kan ikkje bli gitt til lokale eller stadar:

- Som er spesielt retta mot ungdom under 18 år og/eller familiar med mindreårige. Under dette er også vanlege kafear.
- Som er tiltenkt idretts- mosjonsaktivitet eller spesielle førebyggjande tiltak for ungdom samstundes som slik aktivitet går føre seg.
- I grunnskular og kombinerte anlegg for skule- jfr. Opplæringslova § 9-5.



«I grunnskular og kombinerte anlegg for skule og andre formål må det ikkje kunne serverast alkohol eller takast med alkohol til nyting under arrangement i offentleg som privat regi. I kombinerte anlegg for skule og andre formål kan det i særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.» * definisjon særlege høve

- Alkohol kan heller ikkje takast med for nyting i slike anlegg. Ved utleige til særskilte arrangement som er av ein slik storleik at dei ikkje kan arrangerast i andre utleigelokale i nærområda, er større kommunale idrettshallar ikkje omfatta av dette punktet.
- Stader som spesielt tiltrekkjer seg støy, ordensmessige problem eller kriminalitet bør ikkje bli gitt skjenkeløyve.
- Tvilstilfelle av «særlege høve» skal avgjerast i utval for helse og omsorg, eller av utvalsleiar dersom tidsfaktoren tilseier det.

*Særlege høve vert i denne samanheng definert til å gjelde:

Større arrangement som går føre seg 1-2 gonger pr. år. Til dømes festivalar, store jubileum og dansegalla. Lista er ikkje uttømmande.

Unntak: Utleige til særskilte arrangement gjeld dei større kommunale idrettshallane der arrangementet er av ein slik storleik at det ikkje kan gjennomførast i andre utleigelokale i nærområda.

8.3 Skjenkeløyve som kan brukast i opningstida i eit kjøpesenter/butikkcenter, må vera i eige skjerma lokale.

8.4 Båtar/skip kan bli tildelt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1- 3.

9 Serveringsløyve

Lov av 13.juni 1997 nr. 55 om serveringsvirksomhet § 15

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-06-13-55>

Som hovudregel må ein ha serveringsløyve for å utøve skjenkeløyve.

Vedtak på søknader om serveringsløyve vert delegert til rådmannen.



DEL II – Retningslinjer for behandling av alkoholsaker

Vilkår for løyve

A Følgjande dokumentasjon må vera motteken før løyve kan takast i bruk

1. Kopi av bruksløyve fra bygningsmyndighetene
2. Kvittering fra Altinn på at oppstartskjema er innsendt til Mattilsynet
3. Bevillingsgebyr må være betalt
4. Styrar og stedfortreder må dokumentere bestått kunnskapssprøve.
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538#shareModal>
5. Dokumentasjon på at alle tilsette er registrert i arbeidstakarregisteret så snart som mogeleg og seinast innan ein måned frå oppstart.

B Kontroll av sals- og skjenkestader

Det er kommunen sitt ansvar å kontrollere kommunale sals- og skjenkeløyve (alkoholova §1- 9)

C Reaksjonar ved brot på alkoholova

Ved brot på alkoholova gjeld Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk kapittel 10. Alkoholforskrifta § 10-1 til §10-6 inneheld eit system for prikktildeling ved brot på løyvehavars alkoholrettslege plikter.https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538#KAPITTEL_1 Denne ordninga er obligatorisk og kommunen er pliktig til å følge krava i forskrifta.

Dersom det ved kontrollar eller politirapport vert rapportert alvorlege brot på alkoholova, har kommunen løyve til å inndra kommunalt sals- og skjenkeløyve for kortare eller lengre tidsrom.

Inndraging av sals- og skjenkeløyve er heimla i alkoholova §1



Del III - Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune

Vedteken av kommunestyret i møte 2020

Fastsett med heimel i lov av 2.juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. § 3-7 og § 4-4

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk

- Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 på kvardagar kan skje frå kl. 09.00 til kl. 20.00 på kvardagar.
- Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 på dagar før søn- og helligdagar kan skje frå kl. 09.00 til kl. 18.00. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag, påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida til kl. 16.00. Sal av alkohol er ikkje tillate på juleafta.
- Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe1 skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai.

Alminnelege skjenketider

Skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er alle dagar frå kl. 08.00 til kl. 02.00 – med følgjande unnatak:

- Søn- og helligdagar startar skjenking frå kl.12.00.
- Skjenketida for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er frå kl.13.00 til kl. 01.00 alle dagar.

Opningstider

Opningstid er ein halv time lengre enn skjenketida. Konsum av utskjenka alkohol skal avsluttast seinast ein halv time etter skjenketidas slutt.

Arkiv: FA-U60
JournalpostID: 20/3475
Saksbehandlar: Grete Algrøy Herøy
Dato: 21.01.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
004/20	Utval for helse og omsorg	04.02.2020
003/20	Eldreråd	03.02.2020
003/20	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	03.02.2020
003/20	Ungdomsråd	03.02.2020

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020 - 2024

Vedlegg i saken:

27.01.2020	Høringsutkast - ALKOHOLPOLITISK PLAN i Alver versjon 20.01.20	1344250
27.01.2020	Oversikt sals-skjenke- og opningstider i Radøy Meland og Lindås_	1344251

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020 – 2024 vert sendt ut på høring. Høyringsperiode er 6 veker frå det tidspunkt den vert lagt ut.

Eldreråd 03.02.2020:

Behandling:

Rådgjevar helse og omsorg, Grete A. Herøy orienterte i fellesmøte mellom ER/RMNF om framlegg til alkoholpolitisk plan for Alver kommune for 2020-2024. Eldrerådet vil få saka attende til handsaming når planen er lagt ut på høring. Eldrerådet tar alkoholpolitisk plan for Alver kommune 2020-2024 til orientering.

ER- 003/20 Vedtak:

Saka vart teke til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.02.2020:

Behandling:

Fellesmøte orientering til saka v/Grete A. Herøy-rådgjevar Helse og omsorg stab

Fellesframlegg:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

A) Rådet ønskjer å vidareføra praksis frå dei tidlegare kommunane om at opningstida for sal og utlevering (3.1) vert flytta til kl. 09.00.

B) Når ein gjev serverings- og skjenkløyve, ber rådet om at ein tilstrevar at lokala er universelt utforma.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 003/20 Vedtak:

Uttale i RMNF -03.02.2020:

A) Rådet ønskjer å vidareføra praksis frå dei tidlegare kommunane om at opningstida for sal og utlevering (3.1) vert flytta til kl. 09.00.

B) Når ein gjev serverings- og skjenkløyve, ber rådet om at ein tilstrebar at lokala er universelt utforma.

Ungdomsråd 03.02.2020:

Behandling:

Orientering v/Grete Algrøy Herøy.

Saka tatt til orientering.

Samrøystes vedteke

UR- 003/20 Vedtak:

Saka tatt til orientering.

Samrøystes vedteke

Utval for helse og omsorg 04.02.2020:

Behandling:

Rådgjevar helse og omsorg, Grete A. Herøy, orienterte om forslaget til alkoholpolitisk plan og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg i møtet:

Planen vert sendt tilbake til administrasjonen med følgjande endringar og utgreiing:

- Pkt 6 skjenkeløyve - 6.3.2 - ambulerande løyve:

Følgjande tekst skal takast ut: "Døme på slutta lag er bryllaup, åremål, jubileum".

Følgjande tekst skal utgreiast - og mogleg takast vekk: *Arrangement som vert haldne av lag og foreiningar er ikkje å rekna som slutta lag.*

- Pkt 8: Utvalet ber om forslag til definisjon på følgjande tekst: "særlege høve"

- også vurdering av hyppigheit på arrangement som definerast som "særlege høve".

Tilførsel i punkt 8: *Tvilstilfelle av "særlege høve" skal avgjerast i helse og omsorg, eller av utvalsleiar dersom tidsfaktoren tilseier det.*

- Del 3 - pkt 1 a og b: Endra starttidspunkt for salstid frå kl. 08.00 til kl 09.00.

- Del 2 - pkt 2 - siste setning utgår.

Felles framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

Øystein Moldeklev (Frp) sette fram følgjande endringsframlegg:
Forslag til opningstider når det gjeld skjenking av alkohol i gruppe 1-3 må bli lik; kl. 02.00.

Øystein Moldeklev sitt framlegg fekk ei røyst og fall.

May-Irene Wergeland (Sp) sette fram følgjande endringsframlegg:
Senterpartiet ved May-Irene Wergeland fremja forslag om at skjenkeløyvet både for alkoholdrikk gruppe 2 og 3 gjeld til kl. 01.00.

May-Irene Wergeland sitt framlegg fekk 3 røyster (May-Irene Wergeland (SP), Sølvi Knudsen (SP), Else Marie Skartveit Dale (KrF) - og fall.

HO- 004/20 Vedtak:

Planen vert sendt tilbake til administrasjonen med følgjande endringar og utgreiing:

- Pkt 6 skjenkeløyve - 6.3.2 - ambulerande løyve:

Følgjande tekst skal takast ut: "*Døme på slutta lag er bryllaup, åremål, jubileum*".

Følgjande tekst skal utgreiast - og mogleg takast vekk:

Arrangement som vert haldne av lag og foreiningar er ikkje å rekna som slutta lag

- Pkt 8: Utvalet ber om forslag til definisjon på følgjande tekst: "særlege høve" - også vurdering av hyppigheit på arrangement som definerast som "særlege høve".

Tilførsel i punkt 8:- *Tvilstilfelle av "særlege høve" skal avgjerast i helse og omsorg, eller av utvalsleiar dersom tidsfaktoren tilseier det.*

- Del 3 - pkt 1 a og b: Endra startstidspunkt for salstid frå kl. 08.00 til kl 09.00.

- Del 2 - pkt 2 - siste setning utgår

Bakgrunn:

Kommunen er gjennom Lov av 2.juni 1989 nr 27 Lov om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholova) pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk plan. Planen skal vedtakast av kommunestyret ved starten av kvar valperiode og gjelde for 4 år om gongen.

Den kommunale alkoholpolitikken vert forvalta innan dei rammer som er gjeve i denne lova og i Forskrift om omsetjing av alkoholholdig drikk mv. (alkoholforskriften). Planen skal være retningsgjevande både for administrasjon ved førebuing av saker til politisk handsaming og ved avgjerd om sals- og skjenkeløyve.

Vurdering:

I arbeidet med framlegg til alkoholpolitisk plan er det lagt til grunn og teke omsyn til noverande alkoholpolitiske planar i dei tidlegare kommunane Lindås, Meland og Radøy. Det er gjort justeringar i høve planen generelt og i forskrift om sals-, skjenke- og opningstider.

Det er lagt vekt på å gjere forskrifta så tydeleg som råd, slik at sals- og skjenkestadane kan følgje den på ein praktisk og god måte og kontrollørane følgje godt opp. Det er lagt vekt på at planen skal ha eit førebyggjande perspektiv.

Tema:

Delegering:

I politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune er ikkje kontrollutval for sal og skjenking av alkohol omtala. Det er ikkje krav om å ha eige kontrollutval for alkoholsaker, men to av kommunane har hatt dette. Det vert vurdert til at det ikkje er behov for eige kontrollutval slik framlegg til plan ligg føre, då dette vert ivaretatt i Utval for helse og omsorg. Rådmannen er gitt delegering i saker der lov og forskrift regulerer avgjersla /vedtaket og ved søknader om alminneleg løyve til ein enkelt anledning og ein avgrensa periode/sesong (Alkoholova § 1-6). Spørsmålet om kva som er ein avgrensa periode/sesong kan vere grunnlag for skjønn, men blir her foreslått til å vere inntil 10 dagar.

Løyveperiodar: (Alkoholova § 1-6) <https://lovdata.no/lov/1989-06-02-27/§1-6>

Kommunal bevilling til salg av alkoholholdig drikk gruppe 2 og 3 kan bli gitt for 4 år av gangen, og med opphør seinest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Kommunal bevilling til salg av annen alkoholholdig drikk enn nevnt i første ledd og til skjenking av alkoholholdig drikk kan gis for perioder inntil 4 år, og med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Slike bevillinger kan dessuten gis for en bestemt del av året, og for en enkelt bestemt anledning.

Kommunen kan beslutte at bevillinger etter første og annet ledd likevel ikke skal opphøre, men gjelde videre for en ny periode på inntil fire år med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Kommunen kan beslutte at ingen bevillinger skal opphøre eller fastsette nærmere retningslinjer for hvilke bevillinger det må søkes om fornyelse for. Ved fastsettelse av disse retningslinjene kan kommunen legge vekt på de samme forhold som ved behandling av ny søknad, jf. § 1-7a. I stedet for krav om fornyelse kan kommunen endre eller fastsette nye vilkår for bevillinger i samme utstrekning

som ved behandling av ny bevilling, jf. §§ 3-2 og 4-3.

Beslutninger etter tredje ledd kan bare fattes dersom kommunen etter kommunevalget har foretatt en gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen, herunder vurdert bevillingspolitikken.

Kommunen blir gjennom denne lova gitt fridom til å ta avgjerd om ein vil at alle innvilga løyver skal fortsetje utan ny gjennomgang kvar 4 år, eller om ein vil ha ny søknadsrunde. Ein kan også fastsetja retningsliner for kva løyve som skal søkjast om, og kva som kan fornyast.

Det vert rådd til at alle sals- og skjenkeløyve vert gjennomgått kvart 4 år. Dette då det gjev eit høve til å gjennomgå alle løyver, få god oversikt og fanga opp eventuelle endringar som elles kan vere vanskeleg å få kjennskap til.

Ambulerande løyve:

I Meland sin plan er det sett tak på 3 ambulerande løyve og 3 einskiidløyver til same tidspunkt. Radøy og Lindås har ingen avgrensing. Det vert vurdert at det ikkje er nødvendig med tak på desse løyva. Dette då erfaringa frå våre tre tidlegare kommunar viser at det ikkje er kjente problemstillingar på området. Tak på løyver er difor ikkje omtalt i planen.

Sal av alkohol på valdagar:

Etter endringar i alkohollova 1. januar 2015 vart det tillat med sal av alkohol på valdagar.

I Meland og Radøy sin plan var det opna opp for å ha sal på valdagar, medan det i Lindås var lagt innskrenkingar i høve til dette. Planforslaget opnar for å følgje alkoholloven på dette punktet og tillate sal på valdagar.

Retningsliner for å avgrense eventuelle skadeverknader av skjenking av alkohol (alkohollova § 1-7a):

Retningsliner for å avgrense eventuelle skadelege verknader av alkoholskjenking definerer kva kommunen har bestemt skal vere alkoholfrie soner/områder. Det er særleg vektlagt lokale/arenaer der barn og ungdom ferdast og oppheld seg.

Etter grundige drøftingar på formuleringar rundt skjenking i kombinerte anlegg for skule og andre formål, er det konkludert med at ein legg opplæringslova sin lovtekst til grunn <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§9-5> . Når det gjeld formuleringa «særlege høve» legg ein til grunn at det ved arrangement som

er av ein slik storleik at det ikkje er andre mogeleg lokale i nærområda, så kan det bli gitt løyve. Dette har vore gjeldande og praktisert i Lindås og Meland medan Radøy ikkje har hatt liknande avgrensing i sin plan.

Ordlyden «særlege høve» er no avgrensa til å fråvike regelen berre når det er arrangement av ein slik storleik at det ikkje er andre mogeleg lokale i nærområde. Det kan diskutertast om det kan vere andre «særlege høve» som bør nemnast og om dette bør spesifiserast nærare i planen. Eit anna moment er om fleire ting burde bli meir spesifisert for å gjera det meir føreseieleg for innbyggjarane og at det ikkje oppstår fleire tvilstilfelle i sakshandsaminga. Dette på same måte som det er lagt opp til i reglement for utleige av kommunale bygg.

I høve opplæringslova og kombinerte anlegg kan det gjerne vere positivt med ein tydeleg grensegang for kva som er kombinerte anlegg og kva som ikkje er det. Til dømes kan Lindåshallen og Radøyhallen verte tolka som kombinerte anlegg ,då dei ligg nær opptil skule. Ei anna utfordring kan vera at det ikkje vert halde større kulturarrangement der ein vil servera alkohol i desse hallane sidan ungdomsklubbar også heldt til her, sjølv om det er utanom klubben si opningstid.

Meieriet Frekhaug som er eit ålment kulturbygg skal opne i mars. Scene- og kulturteknisk utforming er lagt til rette for arrangement som somme gongar søkjer om enkeltløyve. I andre etasje ligg ungdomsklubblokalet som er skilt ad med forskjellige inngangar og tilgangssoner. Dersom dette kan på generell basis hindre enkeltløyve til arrangement i den ålmenne delen av kulturhuset, og då utanom klubben si opningstid, vil ein kunne forvente at ein del brukargrupper som bygget er tilpassa til ikkje vil ta det i bruk. Dette kan i neste rekkje få konsekvensar i høve tilskotsytarar, som har ytt tilskot basert på byggets bruk til ålmenn musikk- og kulturverksemd særleg innan det rytmiske feltet.

Her er altså fleire grenseoppgangar som må takast omsyn til. Ut frå eit folkehelseperspektiv må det vera stort fokus på førebygging, utsetjing av debutalder og alkoholskadeverknader

Nettsal av alkohol gruppe I:

Dette er eit løyve som i utgangspunktet er likt som sal av alkohol i butikk. Dersom ein skal levere ut alkohol i ein annan kommune enn der løyve er gitt, må ein ha løyve også i utleveringskommunen. Det er opna for netthandel i Meland kommune. Lindås har hatt søknad om dette men avslått. Radøy har ikkje hatt dette spørsmålet opp til behandling. Netthandel er ikkje omtalt spesielt i planen, då søknad vert handsama etter same reglar som søknad om sal av alkohol i gruppe I.

Løyve til uteservering:

Helsedirektoratet sin Veileder til arrangør og kommuner om musikkanlegg og helse <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/musikkanlegg-og-helse/> er lagt til grunn ved forslag til avgrensing for arrangement som vert halde ute.

1. «En typisk norm er at arrangementene avsluttes før kl. 22.00 eller 23.00 søndag – torsdag og kl. 23.00 eller 24.00 fredag og lørdag. Det vil være opp til den enkelte kommune å fastsette slike grenser, og eventuelle unntak fra disse. Varigheten på arrangementet er et hensyn som bør veie med i vurderingen av dette.»

Det er vurdert at kl. 23.00 er eit akseptabelt tidspunkt, men gjer mogelegheit for skjønnt utover dette.

Serveringløyve: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-06-13-55>

Det vil i dei fleste samanhengar vere aktuelt med både serverings- og skjenkeløyve. Det er derfor lagt inn eit punkt i del I om serveringsløyve. Serveringsløyve blir gitt når vilkåra er oppfylte. Reglane i lova er klar, slik at det ikkje er naudsynt å omtale dei spesifikt i tillegg. Foreslår avgjerd delegert til rådmannen. (som i dag)

Salsløyve for Vinmonopolet: Alkoholoven § 3-3 <https://lovdata.no/lov/1989-06-02-27/§3-3>

Kommunen skal godkjenne utsalstader for Vinmonopolet. Det er ikkje lagt inn namn på godkjende utsalstader som er i Alver kommune i dag. Kommunestyret fastset kva tal utsalstader det skal vera for AS Vinmonopolet i kommunen og godkjenner der utsalstadane skal vera.

Forskrift om sals- skjenke- og opningstider:

Det er teke omsyn til gjeldande forskrifter i Lindås, Meland og Radøy og gjort så få endringar som mogeleg i høve til dagens forskrifter. Det er lagt opp til at det skal vera enkelt for næringsdrivande å følgje forskrifta med få unntak på einskild dagar. Ei avgrensing er likevel gjort med å rå til at alkoholsal i gruppe 3 vert avslutta kl. 01.00. Det er lagt til grunn at uteservering skal følgja reglane for servering inne og at enkelt/ambulerande løyve får same skjenketider som faste løyve. Med formål om å redusera tilgjenge på alkohol på julaftan er det lagt opp til å ikkje tillate alkoholsal denne dagen. I Lindås og Meland er dette tillate i dag, men ikkje i Radøy. Til opplysning har Bergen i si forskrift ikkje tillate sal av alkohol på julaftan.

I møtet med politiet kom det fram at det var lite uro og bekymring rundt utelivet i Nordhordland, men at det kunne vera utfordringar med feiring av 18/20 årsdagar og ved russefeiring. Innspel frå politiet er at det er samordna

slutt tid for alle typar løyver. Fokus bør vere på å utsetje debutalder for rus, og på førebygging for ungdom.

Oppsummering:

- Rådmannen er delegert mynde til å avgjere søknader om alminneleg løyve til ein enkelt anledning og til ein avgrensa periode/sesong. Avgrensa i tid til 10 dagar.
 - Løyveperiodar inntil 4 år. Ny søknad og ny vurdering kvart 4 år.
 - Ingen tak på tal ambulerande/einskildløyver.
 - Ingen avgrensing av alkoholsal på valdagar.
 - Regulering av alkoholskjenking i kombinerte anlegg for skule og andre føremål
 - Uteservering. Tidspunkt for avslutning av arrangement.
 - Serveringsløyve er teke med i eige punkt i planen.
-
- Forskriftendringar:
 - Avslutte skjenking av alkohol i gruppe 3 kl. 01.00.
 - Ikkje tillate sal av alkohol på julaftan.

Arkiv: FE-033
JournalpostID: <jplD> 20/10665
Saksbehandlar:
Dato: 26.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
012/20	Utval for helse og omsorg	10.03.2020

Meldingar og orienteringar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for helse og omsorg.

Bakgrunn

Saksopplysningar:

«Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar i utval for helse og omsorg:

1. Orientering om medverknad kommuneplanen sin samfunnsdel v/kommunalsjef Hogne Haugsdal
2. Orientering om prosess kommunedelplan for helse, sosial og omsorg v/Hans Kristian Dolmen, rådgjevar Plan og analyse
3. Orientering om mandat «Retningslinjer feriereiser for personar med hjelpebehov» v/kommunalsjef Leni Dale
4. Orientering om Alver kommune sitt arbeid med å førebu handtering av Koronaviruset v/kommuneoverlege Terese Folgerø